

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

**Avdeling for
Kultur, idrett og inkludering (KII)**

Dato	03.03.2022
Vår referanse	2022/6410-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Elizabeth Jan Warren
E-post	Elizabeth.Jan.Warren@vlfk.no
Telefon	95895468

Innspel til planprogram for kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv 2023-2025 i Alver kommune fra avdeling for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune

Vi viser til brev datert 13.01.2022 om oppstart av arbeid med kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv med planprogram i Alver kommune.

Etter delegeringsreglement og delegeringsmatrise i Vestland fylkeskommune er det Seksjonssjef for plan, klima og folkehelse som har mynde til å gje fråsegn til planprogram for kommunale planar. Dei har bedt avdeling for kultur, idrett og inkludering om å gje innspel til denne saka.

Føremålet med eit planprogram er å klargjere premiss for det vidare planarbeidet og fastsetja tema som må utgreiaast nærmare. Generelt er høyringsforslaget eit godt dokument som tydeleggjer kommunen sine visjon til planen om «at Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga.»

Det er svært positivt at Alver kommune prioriterer arbeidet med å lage kommunedelplan for kultur, idrett, og friluftsliv. Planarbeidet er viktig for å gjøre feltet relevant og synleg i kommunepolitikken, og skape gode, attraktive og berekraftige lokalsamfunn for innbyggjarane. Kommunedelplanen kan tene som førebilete for andre kommunar.

Føringar for planarbeidet

Vestland fylkeskommune vurderer planen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. Dei 4 måla i utviklingsplan for Vestland er relevante føringar for arbeidet med kultur, idrett og friluftsliv i kommunane. Mål 1 tar for seg verdiskaping, mål 2 klima og miljø, mål 3 lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv og mål 4 like mogleigheter til å delta. Vestland fylkeskommune har to regionale planar på kulturfeltet som gjeld i dei geografiske områda til ny regional plan for kultur er vedteke. Vi viser her til Premiss: Kultur. Regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025. Vedtatt anleggspolitikk og kriteria for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Vestland 2020-2024 er også førande. Ein ny regional plan for kultur, idrett og friluftsliv i Vestland er under arbeid.

Kommentar: Planen refererer til dei mest sentrale og relevante lovverk, stortingsmeldingar og regionale føringar i kap. 8 av planprogrammet. E-sport strategi er nyleg vedtatt og kommunen har fått det med seg. Vi rår til at også Utviklingsplan for Vestlandet og frivilligstrategi for Vestland vert teke med som regionale føringar i planarbeidet.

FN's berekraftsmål

Planprogrammet fokuserer på seks av FN sine berekraftsmål: 3 - god helse og livskvalitet, 5 – likestilling mellom kjønna, 10 -mindre ulikskap, 11 - berekraftige byar og lokalsamfunn, 16 – fred, rettferd og velfungerande institusjonar og 17 - samarbeid for å nå måla.

Kommentar: Kommunen kan vurdere å ha med nokre av FN's mål innan miljø i kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Klima og miljø er ei føresetnad for sosial og økonomisk berekraft og det er riktig å utforske og utfordre kultur og idrettssektorane til å ta gode val for framtida. Et eksempel er at fokus på gjenbruk og istandsetting av kulturminne og kulturmiljø i staden for riving er samfunnsnyttig både av omsyn til klima, ressursbruk og økonomi. Delmål 13 i høyringsutkast til samfunnsdelen er at Alver er eit klimavenleg samfunn.

Bakgrunn og forankring

I samband med kommunereforma vart Meland, Lindås og Radøy kommunar slått saman til Alver kommune i 2020. Dei tre tidlegare kommunane har hatt fleire kommunedelplanar og temaplanar om kultur, idrett og friluftsliv. Handlingsdelane for idrett og friluftsliv er samanfatta til ein anleggssstrategi for Alver kommune mens dei andre planane gjeld framleis. Utarbeiding av kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv er forankra i planstrategi vedtatt 25.03.2021 og samfunnsdelen av kommuneplanen. Planen skal vere ein samla plan for feltet og legg til grunn eit utvida kulturomgrep som inneholder kulturarv, idrett og friluftsliv, kulturinstitusjonane, kulturformidling, musikk, scenekunst, frivilligheita og profesjonell kunst.

Planen vil synleggjera behova og sette mål og strategiar og blir eit sentralt styringsverktøy til 2035. Den skal ha ein fireårige handlingsplan med prioritert tiltak som vert rullert årleg.

Visjon er: «Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga»

18 delmåla i høyringsutkastet til samfunnsdelen er tatt inn som førebelse hovudmål i planarbeidet:

1. Innbyggjarane i Alver skapar, opplever og deltek aktivt i lokale kultur- og idrettstilbod.
2. Kulturhus og svømmehall er tilgjengelege for innbyggjarar, lag og organisasjonar sentralt i regionsenteret, og fungerer som naturlege samlingspunkt for aktivitet og kulturopplevelingar.
3. Knarvik er eit senter med attraktive tilbod, arenaer og møteplassar for heile regionen.
4. Alver har aktive lokalsamfunn med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.
5. Ny bustader, handel, tenestetilbod og kontorarbeidsplassar er i hovudsak lokalisert i definerte senter.
6. Frivillig sektor i Alver er mangfaldig og sterk.
7. Innbyggjarane i Alver har ein meiningsfylt og aktiv kvar dag.
8. Born og unge i Alver har ein trygg oppvekst.
9. Innbyggjarane i Alver har gode levekår med sosial og økonomisk tryggleik.
10. Innbyggjarane og besökande i Alver nyttar naturen til fritid og rekreasjon.
11. Innbyggjarane i Alver nyttar sjøen, kysten og sjønære område til fritid og rekreasjon.
12. Kultur, kulturmiljø og kulturarv vert nytta som ein ressurs for berekraftig samfunnsutvikling.
13. Alver er eit klimavenleg samfunn og rusta til å møte eit klima i endring.
14. Alver sikrar naturverdiar og naturmangfold, og tek vare på verdifulle kulturlandskap, kulturmiljø og landbruks- og friluftsområde.
15. Innbyggjarane i Alver får tenester tilpassa sine behov.
16. Næringslivet i Alver er mangfaldig og konkurransedyktig.
17. Alver er eit attraktivt reisemål.
18. Alver kommune er ein attraktiv, trygg og utviklingsorientert organisasjon.

Kommentar:

Planprogrammet gjev eit godt og detaljert innblikk i retninga kommunen vil ta i sine satsingar på kultur- og idrettsfeltet. Kommunen har planlagt gode grep med regelmessige oppdateringar og statusgjennomgangar. Det er positivt at kommunen vil ha eit plan for heile feltet som er godt forankra i kommuneplanens samfunnsdel. Det er bra at handlingsprogramma vert rullert åreleg og revidert kvart 4. år. Handlingsprogramma bør koplast til budsjettprosessen i kommunen. Dei 18 hovudmåla er eit godt utgangspunkt for arbeidet vidare med kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv.

Avgrensing av innhald

I kap. 5 i planprogrammet er det lagt opp til å avgrense planen sitt innhald. Tema som vert fokusert på er:

- kulturminne- og kulturmiljø
- kultur- og idrettsanlegg
- friluftsområde og friområde
- møteplassar der folk bur
- lovpålagte tenester
- ideelle og frivillige aktørar
- status for ulike delar av kulturfeltet
- næringsverksemド og profesjonell kunst
- tilbod og aktivitet
- Alver si rolle i regionen og nærliek til Bergen

Kommentar:

Vestland fylkeskommune støtter i hovudtrekk avgrensinga som kommunen har gjort.

Det å sjå nærmere på profesjonelle kulturaktørar er viktig. Kunstopolitikk handlar både om å utvikle gode vilkår for profesjonelle kunstnarar som kan arbeide og bu i ein kommune, og å utvikle strategiar for korleis innbyggjarane skal kunne oppleve og møte kunst. Det ligg også eit næringspotensiale, m.a. turisme i den profesjonelle kunsten og kunstnarane. Dynamikken mellom Alver og Bergen er viktig i denne samanheng.

Alver si rolle i regionen og nærlieken til Bergen er eit viktig tema å jobbe vidare med også breiare i dette planarbeidet. Her bør m. a. arbeid med Nordhordland biosfæreområde omtales.

Vi saknar eit tydlegare fokus på bevaring av immateriell kulturarv. Immateriell kulturarv er eit omgrep som også inkluderer arkiv (anten det er tale om foto, audiovisuelt eller skriftleg kjeldemateriale), altså det som går på bevaring av kjelder til kulturhistoria/lokalhistoria i kommunen.

Vi oppmodar til at inkludering vert gjennomgåande for heile kultur og idrettsfeltet, då dette er ei tydeleg satsing regionalt. Kommunen bør peike på særlege målgrupper som fleirkulturelle og menneske med nedsett funksjonsevne, unge og eldre.

Eit anna tema som ikkje er omtalt er den omfattande digitaliseringa av samfunnet og betydninga dette har for kultur, idrett og friluftsliv.

Vurdere behov for areal til ulike tema

Kommunen skal i planarbeidet vurdere behov for areal til følgjande tema:

- Kartlagde turvegar frå friluftslivets ferdsselsårer
- Friluftsområde etter oppdatert kartlegging og verdsetting
- Kulturmiljø og kulturminne i temakart
- Kulturanlegg
- Idrettsanlegg
- Parkering i tilknyting til idrett, kultur og friluft

Kommentar: For å planlegge for framtid og få til gode løysingar for friluftsliv, for kulturmiljø og for kultur- og idrettsanlegg, er det naudsynt med god kartlegging for å synleggjere arealbehov opp mot andre interesser i arealplanlegging. Det er bra at kommunen skal gjera dette i samband med kommunedelplanen. Det bør gå fram korleis dei ulike arealbehova vert forankra i kommuneplanen sin arealdelen og kva slags føresegner og retningslinjer skal gjelde for dei ulike kategoriene. Er det aktuelt å definere omsynssoner for kulturmiljø og friluftsområde i arealdelen av kommuneplanen?

Organisering

Følgjande står i planprogrammet:

Adm. styringsgruppe	Rådmann og ass. rådmenn
Prosjekteigar	Kommunalsjef for samfunnsutvikling
Prosjektleiar	Rådgjevar frå plan og analyse (prosessansvar)
Prosjektgruppe	Prosjektleiar, leiar for Kultur (fagansvar), leiar Strilabiblioteket, leiar Kulturskule, leiar ungdom, fritid og medverknad, to hovudtillitsvalde.
Referansegruppe*	Eigedomforvaltning, prosjekt, Drift og vedlikehald, arealforvaltning, kultur, Oppvekst, Helse og omsorg, Kulturråd, turlag, idrettsråd, ungdomsråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet, friluftsrådet, museumssenteret, Vestland fylkeskommune.
Arbeidsgrupper*	Idrett, friluftsliv, bibliotek, ungdom, kulturskule, kunst scene og musikk, frivillighet, kulturvern

*Referansegruppa og arbeidsgrupper vil kunne variere gjennom ulike delar av prosessen.

Kommentar: Det verkar som om kommunen har tatt godt grep på organisering av planarbeid og forankring i organisasjonen og i sivilsamfunna . Det er ei god blanding av intern kompetanse frå ulike sektorar i kommunen og eksternkompetanse frå lokalmiljø i Alver. Det er gledeleg at regionale aktørar som Museumssenteret og friluftsrådet er med i planarbeidet..

Medverknad og kunnaksinnhenting

Kommunen er i sluttfasen av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplan for oppvekst og helse, og dei skal starte arbeidet med arealdelen til kommuneplanen i 2022. Kommunen samordnar kunnaksinnhenting og medverknadsprosesser for desse overordna planane og kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv. Alver ønsker å gjøre meir enn lovkravet for å engasjere og involvere innbyggjarane. Eksisterande medverknad og kunnskap er:

- Medverknadsopplegg for kommuneplanen sin samfunnsdel m.m.
 - Kunstprosjekt
 - Spørjeundersøking
 - Samtale med råd og utval
 - Samfunnsdialog
- Moglegheitsstudie senterstruktur
 - Verkstad i kvart av dei sju sentra
- Organisasjonsprosjekt kultur (frivillighet, økonomi og korps)
- Brukarundersøking biblioteka
- Kulturundersøkinga 2019
- Telemarksforskning – kulturindeks og idrettsindeks
- Anleggsstrategi for Alver 2020- 2024
- Sykkelstrategi for Alver 2021- 2031
- Tidlegare planar

Kommentar:

Kommunen har gjort ein omfattande innsats for å hente inn relevant kunnskap og la innbyggjarane medverke gjennom overordna planarbeid. Barnefamiliepanelet er ei omfattande undersøking om fritidsaktivitetar til barn i Bergen. Fylkeskommunen vil utvide barnefamiliepanelet til alle kommunar i Vestland som ein pilotprosjekt i 2022. Vi tek sikte på at resultat frå undersøkinga vil vere tilgjengeleg for Alver kommune i løpet av 2022.

Framdrift

Kommunen legg opptil vedtak av planprogrammet i løpet av mars 2022. I resten av 2022 er det lagt opp til kunnaksinnhenting og utarbeidning av planframlegg. Det er tatt sikte på å legge planen ut på høyring i løpet av januar 2023 og vedtak av plan i mars 2023

Kommentar: Framdriftsplanen verkar fornuftig og det er gitt rom for å jobbe meir med medverknad og kunnskapsinnhenting slik kommunen ønsker.

Arbeid med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv ligg litt foran i løpet. Vi ser fram til vidare samarbeid om overlappande tema slik at den regionale planen støtter opp om mål og strategiar i kommunedelplanen, og at dykker plan konkretiserer på kommunenivå mål og strategiar i den regionale planen.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur, idrett og inkludering (KII)

Ronny Bjørnar Skaar
seksjonssjef
KII - Inkludering, strategi og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift